



Dei som deltok i det konstituerande møtet i det nye soknerådet Foran sit frå venstre Møyfrid Kristoffersen, Ove Myhre, Eli Roseth Eik og Inger Lise Voll, Bak står frå venstre Hans Reidar Kjærland, Kåre Rød, Kristian Bringedal, Lina Håland Svanhill Haugland og Sigmund Myklebust,

Svanhill Haugland vart som venta ny soknerådsleiar ved konstitueringa på Stemneplassen i kveld, men avtroppamde leiar Møyfrid Kristoffersen held fram i styret ,no som nestleiar. Kristian Bringedal vart skrivar og Ove Myhre kasserar.

Det vert ein rekkje kulturarrangement i kyrkja også i tida som kjem. 19. november held kantor Eva Megyesi konsert og 26. november er det ein ny salmesongkveld. 5. desember er det særleg grunn til å glede seg for då kjem Abraham gospelkor og syng saman med sokneprest Lina Håland. Den tradisjonelle julekonsert kjem 13. desember i år.

Årsmeldinga bar bud om eit svært aktivt år med ei rekkje høgdepunkt.

Ei viktig oppgåve er å dordela offergåvene og her vert dei nære ting prioriterte.understreka leiaren.

Kapasiteten på kyrkjegarden syner ledig gravplass 25 år fram i tid.

Ei av oppgåvene er planlegging av tårnagenthelg etterat tilskipingga vart avlyst dette året

Av årsmeldinga går det fram at Tormod Myklebust gjekk ut av soknerådet i mai.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen